



Jenfrid Jhr AS
Troidhaugvegen 53
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 16/3501

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2016

Løyve til oppføring av brakkebygg på vilkår - gbnr 99/27 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 089/16

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen pkt. 1.1 for oppføring av mellombels servicebygg. Dette løyve gjeld fram til den 08.02.2017. Etter denne fristen må tiltaket fjernast.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 a vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av brakkebygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i motteken situasjonsplan.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk. Påkoblingsløyve må innhentas før tiltaket vert teke i bruk.
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med revidert utsløppsløyve av 08.02.2016.
4. Tiltaket kan ikkje nyttast før det ligg føre søknad om sanering av branntomt på gbnr 99/27, og det er gitt ferdigattest for saneringsarbeida.
5. Saka vert avslutta ved innsending av dokumentasjon på at tiltaket er fjerna og tomta rydda.
6. Tiltaket skal stetta krava i TEK10

Søknaden

Søknaden omfattar etablering av eit mellombels servicebygg med eit opplyst bebygda areal på 260 m² som skal tene som servicebygg til godkjent asylmottak på gnr. 99 bnr 31.

Til orientering

Kommunen har tidlegare opplyst at vi vil kunne gje løyve til eit mellombels bygg (brakkebygg) i inntil eitt år. Dersom ein ikkje finn ei anna løysing enn bruk av brakkebygg, vil ein kunne søke om ei forlenging i samsvar med tidsramma som er gitt i rammeløyve. Søknaden vil då måtte sendast inn av ansvarlege føretak vedlagt dispensasjonssøknad. Det vert ikkje aktuelt å søke om dispensasjon for utviding av løyve eitt år om gangen.



Dispensasjonssvedtaket for mellombels bruksendring av hotellet til asylmottak gjeld fram til 12.11.2018. Skal det oppførast nye permanente bygg som ikkje skal fjernast etter at asylmottaket vert lagt ned i 2018, må dette skje gjennom ein reguleringsplan. Det er heller ikkje påreknleg å gje dispensasjon for tre nye år med tilsvarande drift, utan at dette er i samsvar med plan for området.

Vi vil råde dykk å tak kontakt med planavdelinga om omstart av ny reguleringsplan, som etter vår vurdering også bør omfatta areala omkring Vågseidstranda Feriesenter.

Plangrunnlag

Eigedommen inngår i den nyleg vedtatte kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vedtatt av kommunestyret den 24.09.2015. Det går fram av kommunedelplanen at arealføremålet er næring.

Nabotilhøve og andre myndigheiter

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Det kan sjå ut som at naudsynte vedtak og erklæringar frå andre grunneigarar er på plass.

Plassering

Plassering av brakkebygget skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Dispensasjonar

Det er ein føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal difor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Prinsipielt står ikkje mellombelse dispensasjonar i nokonn annan stilling enn dei permanente. I pbl § 19-3 står det at:

«Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidlige tilstand. Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.»

Vi kan ikkje i dette tilfellet sjå at oppføring av eit mellombels bygg vil tilsidesette dei omsyna som ligg bak plankravet. Etter kommunen si vurdering vil ei auka tilstrømming av asylsøkjjarar til Norge medføre eit stort trong for asylmottak. Ein dispensasjon her vil underbygge Norges internasjonale forpliktelser overfor asylsøkjjarar og flyktningar. Kommunen meiner at etablering av eit mellombels bygg som skal tene eit godkjent asylmottak ikkje vil kunne påvirke nabolaget i negativ retning.

Kommunen finn at fordelane ved å gi ei mellombels dispensasjon frå plankravet i pkt. 1.1 i føresegnene til kommunedelplanen er klart større enn ulempene etter ein konkret og samla vurdering.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS